



Studentlekene Bergen Challenge

Dato: 14.05.2014
Vår ref.: 2014/11899-28
Saksbehandlar: annport
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2014 - Studentlekene Bergen Challenge

Det vert vist til Dykkar søknad om tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2014, søknadsfrist 15.februar. Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden på møte den 13.05.2014. Dykkar søknad fekk diverre avslag.

Grunngjeving:

Det er 25 søknadar og kr 900 000 til fordeling. Samla godkjent søknadssum er kr 1313000. Til grunn for handsaminga låg skildringa som vart gitt i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjalar opp mot retningslinene for ordninga, vedteke av Kultur- og ressursutvalet 22.01.2013 og andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar knytt til friluftsliv og folkehelse.

Dykkar søknad nådde diverre ikkje opp ved dette høvet. Vedtaket er i samsvar med fylkesrådmannen si Innstilling. Grunngjevinga er at tiltaket ikkje vurderast innanfor målgruppa

Politisk sak med kommentarar ligg tilgjengeleg på www.hordaland.no/politikk

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

